

Kommunar og fylkeskommunar som er involverte i samanslåingsprosessar

Dykkar ref.

Vår ref.

16/534-7/KJA NYNO

Dato

30.10.2017

## Rundskriv om målvedtak etter mållova i samband med kommune- og fylkessamanslåingar

### Bakgrunn

Den 8. juni 2017 behandla Stortinget kommune- og regionreforma og gjorde vedtak som inneber at Noreg frå og med 1. januar 2020 skal vera inndelt i 354 kommunar og 11 fylke, mot 426 kommunar og 19 fylke i dag.

### Kommunale og fylkeskommunale målvedtak

Etter lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentleg teneste (mållova) § 5 kan kommunestyre og fylkesting gjera vedtak om å krevja ei viss målform, bokmål eller nynorsk, i skriv frå statsorgan til kommunen eller fylkeskommunen. Kommunestyret eller fylkestinget kan òg vedta at kommunen eller fylkeskommunen skal vera språkleg nøytral. Ein kommune eller fylkeskommune som ikkje har gjort uttrykkeleg målvedtak, vil òg bli rekna som språkleg nøytral.

Kommunale målvedtak etter mållova § 5 tredje ledd har òg den rettsverknaden at dei ligg til grunn for kva som skal vera tenestemålet for regionale og lokale statsorgan, jf. forskrift 12. mai 1980 nr. 4938 om målbruk i offentleg teneste § 5 andre ledd og mållova § 7.

Målvedtak skal etter mållova § 5 tredje ledd meldast til departementet, som skal syta for å gjera vedtaket kjent i statsforvaltninga. Ei oversikt over alle kommunale og fylkeskommunale målvedtak er fastsett i forskrifts form som forskrift 1. april 2007 nr. 378 om målvedtak i kommunar og fylkeskommunar (målvedtaksforskrifta, sjå vedlegg). Sidan 2016 har denne oppgåva vore delegert frå Kulturdepartementet til Språkrådet, slik at nye målvedtak skal meldast direkte til Språkrådet.

### Målvedtak i samband med kommune- og fylkessamanslåingar

I rundskriv F/8 N/81 frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet er det teke stilling til kva som skjer med målvedtak i samband med endringar i kommunestrukturen:

*Kommunar som er regulerte på ein slik måte at to eller fleire kommunar er slått saman, må gjere nytt vedtak med krav om målform endå om alle dei samanslåtte kommunane har vedtak om den same målforma. Elles blir kommunen rekna for å vere språkleg nøytral.*

*Kommunar som har fått område lagt til seg, men ikkje heile kommunar, treng ikkje gjere nytt vedtak, jfr. lov 21. desember 1956 nr. 3 om endringar i kommunal inndeling § 14 [tilsvarar inndelingslova § 13 andre ledd].*



Språkrådet legg til grunn at det same gjeld ved endringar i fylkesstrukturen.

### **Målvedtak og språkpolitiske omsyn som del av samanslåingsprosessen**

Ved kommune- og fylkessamanslåingar fell eksisterande målvedtak bort, og dei nye kommunane og fylkeskommunane må gjera nye målvedtak. Målvedtak må gjerast av kommunestyret eller fylkestinget i den nye kommunen eller det nye fylket. Dei kan altså ikkje gjerast av fellesnemnda før kommunestyret eller fylkestinget har konstituert seg.

Språkrådet tilrår at kommunar og fylkeskommunar som er involverte i samanslåingsprosessar, tek opp målvedtak og språk meir allment i samband med prosessen. Særleg viktig er det etter Språkrådets skjønn at dei kommunane og fylkeskommunane det gjeld, tek omsyn til å sikra at nynorsk som forvaltningsspråk ikkje blir svekt som resultat av kommune- og regionreforma.

I den samanhengen viser vi òg til følgjande fleirtalsmerknad i Innst. 16 S (2014–2015), budsjettinnstillinga frå Stortingets kommunal og forvaltningskomité: «Flertallet legger vekt på at hensynet til nynorsk språk skal ivaretas i arbeidet med kommunereform.» Det same synet har vorte gjenteke i dei to påfølgjande budsjettinnstillingane frå same komité.

Språkrådet understrekar samstundes at vedtak om hovudmål i skulekrinsar etter opplæringslova § 2-5 første ledd ikkje heng saman med målvedtak etter mållova. Vidare er det heller ikkje slik at eit målvedtak etter mållova § 5 er det same som eit vedtak om kva som skal vera administrasjonsspråk i kommunen eller fylkeskommunen.

Mållova regulerer berre bruk av bokmål og nynorsk. Målvedtak etter mållova må derfor ikkje forvekslast med eventuelle vedtak om bruk av samiske språk eller kvensk.

### **Språkrådets oppfølging av framtidige kommune- og fylkessamanslåingar**

Når ei kommune- eller fylkessamanslåing er gjennomført, vil Språkrådet til skriva til kommunen eller fylkeskommunen for å minna om at det må gjerast nytt målvedtak dersom kommunen eller fylkeskommunen ønskjer å ha eit målvedtak. Det nye målvedtaket må så meldast til Språkrådet, slik at Språkrådet kan fastsetja endring i målvedtaksforskrifta i tråd med målvedtaket. Dersom ein kommune eller fylkeskommune ikkje melder frå om målvedtak, vil Språkrådet leggja til grunn at kommunen eller fylkeskommunen er språkleg nøytral.

Dersom nokon har spørsmål om fastsetjing og innmelding av målvedtak, kan dei ta kontakt med Språkrådet på e-post [post@sprakradet.no](mailto:post@sprakradet.no) eller telefon 22 54 19 50.

Venleg helsing

Åse Wetås  
direktør

Kjetil Aasen  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.*

Mottakarar:

Audnedal kommune  
Aust-Agder fylkeskommune  
Balestrand kommune  
Buskerud fylkeskommune  
Bø kommune  
Eid kommune  
Finnøy kommune  
Fjell kommune  
Flora kommune  
Forsand kommune  
Fræna kommune  
Fusa kommune  
Førde kommune  
Gaular kommune  
Granvin herad  
Haram kommune  
Hordaland fylkeskommune  
Hornindal kommune  
Jondal kommune  
Jølster kommune  
Leikanger kommune  
Lindås kommune  
Meland kommune  
Midsund kommune  
Naustdal kommune  
Nesset kommune  
Norrdal kommune  
Odda kommune  
Oppland fylkeskommune  
Os kommune  
Radøy kommune  
Rennesøy kommune  
Sandnes kommune  
Sandøy kommune  
Selje kommune  
Skodje kommune  
Sogn og Fjordane  
fylkeskommune  
Sogndal kommune  
Stordal kommune  
Sund kommune  
Telemark fylkeskommune  
Ullensvang herad  
Vest-Agder fylkeskommune  
Volda kommune  
Voss kommune  
Vågsøy kommune  
Ørskog kommune  
Øygarden kommune  
Ålesund kommune

Kopi til:  
Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Kulturdepartementet

Vedlegg:  
*forskrift 1. april 2007 nr. 378 om målvedtak i kommunar og fylkeskommunar*